

STRATEGISK NÆRINGSPLAN

FOR

KVITeseID KOMMUNE

2014 – 2018

**Handlingsplan
2014**



www.kviteid.kommune.no



INNHALD

STRATEGISK DEL

1. Innleiing	3
2. Situasjonsomtale	4
2.1 Utviklingstrekk	4
2.1.1 Kviteseid kommunes føremoner	4
2.1.2 Nye moglegheiter	5
2.1.3 Utfordringar	5
2.2 Rolledeling innan næringsutvikling	6
3. Visjon og målsetting	7
3.1 Visjon	7
3.2 Mål og delmål for dei tre satsingsområda	7
4. Nærare om dei tre satsingsområda	8
4.1 Reiseliv	8
4.2 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi – IKT	9
4.3 Kommunesenteret	10

HANDLINGSPLAN

5. Innleiing	12
5.1 Reiseliv	12
5.2 IKT	13
5.3 Utvikling av kommunesenteret	13
5.4 Andre næringar	14

STRATEGISK DEL

1. Innleiing

Strategisk næringsplan 2014 – 2018 er den fjerde næringsplanen som er utarbeidd for Kviteseid kommune. Planen er delt i to delar med to ulike tidsperspektiv. Ein strategisk del som gjeld fram til og med 2018, samt ein tiltaksorientert handlingsplan. Den strategiske delen skal bli rullert att i 2018, mens handlingsplanen rulleras årleg.

Planen gjev føringar som skal ende i konkrete tiltak. Det er naudsynt å prioritere politisk for at administrasjonen skal ha økonomi og evne til å gjennomføre tiltaka. Planen skal bli drøfta administrativt og politisk kvart år for å få prioritert det som skal bli gjennomført det påfølgjande år. Handlingsdelen vert såleis revidert årleg slik at konsekvens av tankane i SNP endar i prioriterte tiltakslistar med kostnadskonsekvens fram mot endeleg budsjettvedtak kvart år. Administrasjonen ved rådmannen kvitterar ut det som er gjort ved årets slutt og fremjar sak på kva som kan tenkjast gjort påfølgjande år. SNP blir såleis eit levande dokument, der vedtak vert gjort på gjennomføring del for del, år for år, i von om at ein når fram med det meste innan periodens slutt i 2018. Tiltake i SNP synar ei langsiktig satsing.

I tillegg skal planen gi klare signaler til næringsaktørar om kva slags prioriteringar kommunen legg til grunn. Kommunen må også vurdere og handtere andre initiativ som kjem og dei endringar og omstillingar som eventuelt vil finne stad. Det vil vere tiltak i planen der andre aktørar enn kommunen er utførarar, og planen inneheld ikkje framlegg til ansvarshavande. Aktuelle aktørar kan vera utviklingselskap, destinasjonsselskap, kommunalt tilsette eller private aktørar/verksemdar.

SNP 2014-2018 vert såleis eit styringsverktøy for dei næringspolitiske prioriteringar som Kviteseid kommune gjer i denne perioden.

Satsingsområde for rullering vart vedtatt i formannskapet 24.04.02 (f-sak 65/02).

Tiltaksnemnda er styringsgruppe for rulleringa. Tiltaksnemnda er samansett slik: Torstein Tveito (leiar/ordførar), Gunnar Ruud (varaordførar), Tarjei Gjelstad (politikar) og Elisabeth Lid (sekretær/næringssjef).

Arbeidet med rulleringa av den fjerde planen tok til på våren 2013. Næringslivet i alle delar av kommunen vart invitert til å koma med innspel til planen.



Foto: Hamish Moore

Satsingsområda skal vera:

- 1. Reiseliv**
- 2. Informasjons- og kommunikasjonsteknologi**
- 3. Utvikling av kommunesenteret som regionalt senter i Vest-Telemark**

Spissing av satsingsområda i Strategisk næringsplan betyr ikkje at alle andre område skal utelatast. Dei utvalde områda er der kommunen ser dei største områda for vekst og utvikling.

I tillegg til at næringsplanen er i tråd med kommuneplanen, er det viktig at han er i tråd med Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark og fylkeskommunens prioriteringar.

SNP 2014-2018 skal ikkje vera eit styringsdokument for all næringsutvikling i kommunen. Det er viktig at ein tek høgde for både kjente og ukjente utviklingstrekk og moglegheit, og ikkje låser seg heilt til planen. Kviteseid kommune skal vera raskt ute med å vurdere og handtere uforutsette tilhøve.

Kviteseid kommune skal ha bevisst haldning til å søke eksterne midlar til eigne prosjekt, og kommunen bør vere ein aktiv medhjelpar for eksterne søkjarar i samarbeid med t.d. Vest-Telemark Næringsutvikling AS.

2. Situasjonstale

Kviteseid kommune har fått etablert fleire nye arbeidsplassar til dømes i Vest-Telemark Næringshage AS, den så langt einaste næringshagen i Telemark med SIVA status, og det har vært stor satsing på utvikling av attraktive tomter og bygging av nye bustader. Kommunen har jobba målbevisst med utvikling av reiselivet. Kviteseid kommune ynskjer å vidareføre denne satsinga for å auke attraksjonskrafta og for å bli ein kommune folk vel for besøk, næringsetablering og busetting.

2.1 Utviklingstrekk

Utviklinga i det lokale næringslivet blir påverka av lokale tilhøve og av eksterne tilhøve som er meir vanskeleg å kontrollere. Nye rammevilkår, nasjonale og internasjonale regelverk stiller nye krav til omstilling innan alle næringer. Det er derfor mange faktorar som spelar inn med omsyn til kva område og tiltak kommunen skal satse på i ein strategisk næringsplan.

2.1.1 Kviteseid kommunes føremoner

Kviteseid kommune har naturgitte ressursar av stor verdi. Til desse høyrer eit av landets beste drikkevatt. To store vassdrag går gjennom kommunen.

Fleire mil av Telemarkskanalen ligg i Kviteseid kommune. Kommunesenteret Kviteseidbyen ligg idyllisk til ved kanalen. Arendalsvassdraget set sitt preg på vestre delar av kommunen, med innsjøane Vråvatn og nordre del av Nisser, der bygdesentret Vrådal ligg.

Kviteseid har eit variert næringsliv, der dei små verksemdene dominerar. Kommunen har nokre større servicebedrifter, men ingen svært store produksjonsbedrifter. Høg grad av lokalt eigarskap forsterkar dette tilhøvet.

Plasseringa langs 134 gjev Kviteseid kommune eit stort føremon i høve til utvikling av næringsstomter. Kviteseid kommune bør ha ein dialog med Vegvesenet og Telemark

fylkeskommune som utviklingsaktørar og vegeigar. Ein bør ha ein plan i samband med uthenting av masse frå tunellen Århus/Gvammen.


Kommunen har kompetansemiljø innan ulike bransjar. Dette er viktige grunnsteinar å bygge vidare på. Reiselivsmiljøet har gjennom målretta arbeid gjort Kviteseid til ein av Telemarks største reiselivskommunar. Kviteseid kommune har gode føresetnader innafor kulturbasert reiseliv. Vrådal har særlege fortrinn som ein heilårs turistdestinasjon. Morgedal har eit kjent merkenamn. Etter fleire år i utvikling, har Kviteseid i dag eit IKT-miljø med kompetanse på høgt nivå. Den nyoppretta Vest-Telemark Næringshage AS, (VTNH AS), har eit stort potensiale. Produksjonsmiljøet og kompetansen innan arbeid med tre er av stor verdi med tanke på vidare utvikling.

Kviteseid sentrum ligg sentralt i Vest-Telemarkregionen. Eit miljø av statleg, regional, interkommunal og kommunal administrasjon og tenesteproduksjon er lokalisert her. Geografisk plassering og etablerte fagmiljø er viktige fortrinn for Kviteseid.

2.1.2 Nye moglegheitar

Utviklinga innan informasjons- og kommunikasjonsteknologien vil gi ein distriktskommune som Kviteseid nye moglegheiter. Teknologien vil lette arbeidet med å heve kompetansen. Han vil gje lettare og auka tilgang på høgare utdanning og etterutdanning. Teknologien vil kunne danne grunnlag for etablering av nye verksemdar. Ikkje minst vil teknologien kunne utnyttast for å utvikle og styrke eksisterande næringsliv. Mottrekket til den norske urbaniseringstrenden bør utnyttast. Mellomeuropearar søker bumiljø med grønne kvalitetar. Nokre av desse kan skape eller har med seg sine egne arbeidsplassar og næringsverksemdar. Netthandel vil kunne vere eit satsingsområde.

Innan reiselivet kan Kviteseid i enno større grad utnytte dei naturbaserte føremona, ulike aktivitetar innan til dømes fiske og vandring, samt dei lange kulturtradisjonane som folk tenkjer på i samband med merkevara ”Telemark”. Dette kan vidareutviklas i samarbeid med Vandreregionen og Telemarkskanalen Regionalpark.



2.1.3 Utfordringar

Folketalutvikling er den viktigaste faktoren for regional utvikling. Kviteseid kommune må verksette tiltak for å stabilisere og auke folketalet og hindre ny nedgang.

Det er ei stor utfordring å bygge opp infrastruktur, bumiljø og fagmiljø lokalt, slik at Kviteseid kan vera konkurransedyktig i forhold til å rekruttere, halde på og vidareutvikle høg kompetanse.

Næringsfondet har avgrensa moglegheiter, men kommunen brukar midlane aktivt til å støtte små og store verksemder til å etablere seg, eller eksisterande bedrifter til omstilling eller vekst.

Kommunen må profilere seg som ein synleg og attraktiv stad for etablering, og motivere dei ulike verksemder/bransje til å ta i bruk moderne teknologi der dette gir konkurransefortrinn.

Det må vera tilstrekkelege kommunikasjonsløysingar til kommunen og internt i kommunen til at bedrifter og offentlege instansar kan jobbe like godt frå Kviteseid som frå Oslo.

Legge til rette for fjernarbeid, spesielt i det private næringsliv gjennom lokalitetar og miljø.

Netthandel er eit satsingsområde, men kan vere ei utfordring for einskildbedrifter. Det krev kompetanse og at ein finn dei rette kanalane.

Store kjeder kan vere ein trussel for små bedrifter.

Samfunnsendingar/strukturendringar nasjonale og internasjonalt gjer distrikta sårbare. Det er viktig med eit stabilt næringsliv – ein er i stor grad avhengig av kvarandre på mindre stader.

Å framstå som eit aktivt og levedyktig bygdesamfunn med grunnlag for vekst og nyskaping.

2.2 Rolledeling innan næringsutvikling

Rollefordelinga mellom det kommunale tiltaksapparatet og næringslivet må gjenspegla at næringslivet styrast av marknadskrefter og bedriftsøkonomiske prioriteringar. Det er eigarane som utviklar næringslivet. Kommunen si rolle må vera å legge til rette for næringslivet slik at dei som satsar og tar risiko kan lykkast med satsingane sine.



3. Visjon og målsetting

3.1 Visjon

Kviteseid skal vera ein offensiv, næringsvenleg kommune som er ein god stad å etablere seg og drive næring, bu og vekse opp i.

3.2 Mål og delmål for dei tre satsingsområda

Mål for reiselivet:

Reiselivsutviklinga i Kviteseid skal vera marknadsorientert og livskraftig. Kviteseid skal framstå som eit attraktivt reisemål for turistar.

Delmål for reiselivet:

1. Meir effektiv marknadsføring gjennom tilrettelegging og samordning av ressursane.
2. Gjennom målretta satsing på reiselivet vera med å styrke heilårsturismen og auke attraksjonsverdien i destinasjonane.
3. Vrådal skal utviklast vidare som heilårsdestinasjon.
4. Morgedal skal utviklast vidare som destinasjonen for skikultur og skitradisjon.
5. Vidare satsing på samarbeid med prosjekta Vandreregionen og Telemarkskanalen Regionalpark.

Mål for IKT:

IKT skal vera ei plattform for bevaring av eksisterande næringsliv og offentleg tenesteyting og medverknad til nyskaping og nyetablering.

Delmål for IKT:

1. Kviteseid skal vera ein oppdatert kommune innan IKT-området.
2. Kommunen skal vera pådrivar i arbeidet med utbreiing og auka bruk av ny teknologi.
3. Fysisk tilrettelegging for IKT-bruk i næringslivet skal ha høg prioritet.
4. Talet på IKT-verksemdar i kommunen skal aukast.
5. Kviteseid sentrum skal utviklast til IKT-senter med regionale funksjonar.

Mål for utvikling av kommunesenteret:

Kommunesenteret skal vera eit regionalt handels-, service- og administrasjonssenter i vekst.

Delmål for utvikling av kommunesenteret:

1. Kommunesenteret skal utviklast vidare som regionalt administrasjonssenter.
2. Det skal leggest til rette for offentleg/privat tenesteproduksjon.
3. Den handverksmessige produksjonen i Kviteseidbyen skal setjast i fokus og utviklast vidare.
4. Omsetninga innan handel, service og tenesteproduksjon skal auke.
5. Det skal leggest til rette for utbyggingsprosjekt innan næring og bustad.
6. Kviteseidbyens særpreg skal takast vare på.




Foto: Asle Fjeldstad

4. Nærare om dei tri satsingsområda

4.1 Reiseliv

Reiselivet er i dag ei av dei største næringane i kommunen. Kviteseid er ein av dei fremste reiselivskommunane i Telemark. Kommunen har eit stort tal gjestesenger i hotell, hytter og camping, og kommunen har gjennom mange år liggje som nummer 1 eller 2 i Telemark fylke når det gjeld tal på overnattingsdøgn.

Hovudsatsinga dei siste åra har skjedd i Vrådal – det er også her dei fleste planar for vidare utbygging ligg føre. Vrådal er ein heilårs destinasjon med stort potensiale, mellom anna innan kunnskapsbasert og grønn heilårs opplevingsopplevingsturisme.

I Morgedal vert det satsa på skikultur og tradisjon.

Telemarkskanalen har eit opplevingsprodukt som blir sett til å ha eit potensiale til å bli ein av dei verkeleg store attraksjonane i Telemark. Kanalbåten M/S Victoria har anløp i Kviteseidbyen i sommarsesongen.

Kviteseid, Morgedal og Vrådal har turistinformasjon. Vrådal har i samarbeid mellom lokale aktørar og kommune eige selskap, Visit Vrådal.

Vidare utvikling i Morgedal skjer ved Morgedal Utvikling og Norsk Skieventyr.

Reiselivet er avhengig av at kvalitetar innan natur og landskap, kultur, tradisjon og stadsutvikling vert forvalta på ein berekraftig måte. Kviteseid kommune har ein stor føremon i forhold til kulturbasert reiseliv og ynskjer å legge til rette i tråd med signaler frå statlege satsingar. For reiselivet er det viktig med føreseielege rammevilkår. Vidare utvikling av næringa vil medføre auka krav til utbygging av infrastruktur.

Næringa har stor verdi for sysselsettinga i kommunen.

Tal på tilsette i reiselivsnæringa i Kviteseid kommune:

År	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2000
Tal	79	102	107	116	108	123	134

Kjelde SSB – utarbeiding Statistikknett

Utvikling av hyttebestanden i Kviteseid kommune

År	Tal hytter	Endring frå førre år	Endring frå førre år i %	%-del i landet	%-del i fylket	%-del i landsdel
2013	969	34	3,6	0,235	3,41	0,63
2012	935	25	2,8	0,228	3,34	0,62
2011	910	91	11,1	0,224	3,3	0,61
2010	819	38	4,9	0,205	3,05	0,56
2009	781	65	9,1	0,198	2,96	0,54
2008	716	60	9,2	0,184	2,76	0,5
2007	656	3	0,5	0,171	2,58	0,47
2006	653	88	15,6	0,172	2,62	0,47
2005	565	10	1,8	0,152	2,31	0,41
2004	555	0	0	0,151	2,3	0,41
2003	555	14	2,6	0,153	2,33	0,42
2002	541	33	6,5	0,152	2,3	0,41
2001	508	25	5,2	0,144	2,2	0,39
2000	483	0	3,6	0,14	2,14	0,38

Kjelde SSB – utarbeiding Statistikknett

Det går fram av tabellen at talet på registrerte hytter i Kviteseid er fordobla i perioden 2000 – 2013. Veksten i talet på hytter er større enn for Telemark i gjennomsnitt og landet som heilskap. Vinje har t.d hatt ein auke på ca 50% i same periode, medan veksten i Nissedal ligg noko høgare

4.2 Informasjons- og kommunikasjonsteknologi - IKT

IKT og kunnskapsbaserte næringar er i sterk vekst både nasjonalt og internasjonalt. Det som kjenneteiknar dette området er:

- Kompetansen er den viktigaste ingrediensen.
- Det er ein relativt høg rotasjon av arbeidskraft mellom verksemdene. Det går føre seg ei sentralisering av miljø der høg kompetanse er samla.
- Tempoet er høgare enn innan mange andre bransjar fordi idear har kort levetid og det er mange konkurrentar. Marknadene er ikkje geografisk avgrensa, men meir retta mot nisjar og bransjar.

IKT-miljøet i Kviteseid voks fram i knytt til Kviteseid Vekst.

Framleis er IKT-verksemdene i kommunen få og relativt små. Men kompetansen er høg og i positiv utvikling. Ein ser derfor klart det lokale vekstpotensialet i bransjen. Det er nettopp fordi næringa ikkje er avhengig av geografisk plassering, men av eit fagmiljø med høg kompetanse. Mykje av IKT-miljøet er basert på fagpersonar med lokal knytting og lokalt eigarskap til verksemdene. Dette talar også for vidare vekst og utvikling lokalt.

Lokal IKT-kompetanse har hatt stor tyding for utvikling av næringslivet elles i kommunen. Dette gjeld både i form av kompetanseheving (kursverksemd) og brukarstøtte.

Gjennomførte investeringar i infrastruktur dei siste åra har lagt grunnlag for vidare utvikling av IKT-næringa og av næringslivet elles. Ein fortsett vekst er venta i knytt til utviklinga i VTNH AS. Vest-Telemark Næringshage AS har som føremål å skape vekst. Vekst i talet på verksemdar og talet på arbeidsplassar. Målsettinga for fyrste treårsperioden er å auke talet på verksemdar i næringshagen til 10 og talet på tilsette til 35. Næringshagen er på god veg til å nå desse måla.

Næringshagebygget er i dag eigd av Vest-Telemark Næringspark AS, eit eigedomsselskap eigd i fellesskap av Vest-Telemark Næringsbygg AS og Kviteseid kommune. Hausten 2013 startar ombygging av huset, og på ettermøtet vil næringshagebygget framstå med 50 moderne kontorarbeidsplassar og gode møtefasilitetar

4.3. Kommunesenteret

Kommunesenteret Kviteseidbyen er det største næringsområdet i kommunen. Vel 40 næringsdrivande innan handel og service er lokalisert her. Fleire av desse har regionale funksjonar. I tillegg har kommuneadministrasjon og ei rad statlege og interkommunale regionale funksjonar tilhald her.

Kviteseid sentrum er det regionale administrasjonssenteret i Vest-Telemark. Kviteseid har dei fleste regionale offentlege kontora i Vest-Telemark i dag lokalisert i Statens Hus, Myllertorget og Kviteseid Vekst. Øvre-Telemark Jordskifterett og Vest-Telemark Tingrett er, som dei fyrste i Noreg, samlokalisert med same administrasjon i Trondheim.

Kviteseidbyen ligg sentralt til i regionen, og er den av tettstadene i Vest-Telemark der gjennomsnittleg avstand til dei andre tettstadene i regionen er kortast.

Kviteseidbyen har lange tradisjonar som arrangementsarena. Kviteseidmarken kjem i denne samanheng i fyrste rekkje. Dei siste åra har breidda i arrangementstilbodet auka. Det er lagt vekt på å delta i interkommunalt arrangementssamarbeid, som t.d. Telemarks-kanalrittet.

Kviteseid kommune har dei siste åra arbeidd målbevisst med tanke på utvikling av kommunesenteret. I samarbeid med fylkeskommunen og Statens Vegvesen er det gjennomført fysisk opprusting av tettstaden. Kviteseid kommune har i 2006 satsa på å utvikle bryggjeområdet til ein attraktiv møteplass for alle. Her nemnast publikumsarena med plass til badebryggje, gjestebryggje, skulpturar og fontene.

Opprustinga er kombinert med tilrettelegging for tilkopling til breiband for næringsliv og bebuarar.



Foto: Eliasbeth Lid

Planar i Kviteseid kommune:

Vedtekne planar	Vedteken	Revidering
Kommuneplanen – samfunnsdelen	1995	2013
Kommuneplanen – arealdelen	2001	
Strategisk næringsplan	2007	2013
Klima- og energiplan	2010	2014
Landbruksplan	2005	2014
Trafikksikringsplan	2011	2015
Kommunedelplan for anlegg og område		
For idrett og friluftsliv	2007	2014
Bustadsosial handlingsplan	2007	2014
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2008	2013
Smittevernplan	2004	2014
Psykiatriplan	2005	2014
Overordna utviklingsplan for skule og barnehage		
	2007	2013

HANDLINGSPLAN

5. Innleiing

Handlingsplanen inneheld framlegg til konkrete tiltak. Tiltaka er tenkt gjennomført i fyrste del av planperioden, men innfasing av kostnadskrevjande tiltak må tilpassast den økonomiske situasjonen for kommunen.

Planen inneheld ikkje kostnadsoverslag eller finansieringsframlegg knytt til dei enkelte tiltaka. Dette må utarbeidast i samband med konkret iverksetting av tiltaka.

For å betre kontakten mellom kommunen og næringslivet, vil kommunen ta initiativ til eit årleg næringsmøte, til dømes i samband med Gründeruka 47.

5.1 Reiseliv

R1) Kanalen og båttrafikken

- Kviteseid skal samarbeide med båtselskapet, Telemarkskanalens Regionalpark og dei andre kanalkommunane om å utvikle eit betre reiselivsprodukt på kanalen, som til dømes Kanalveka.
- Auke tilbod langs kanalen for sykkelturistar og andre turistar: privat overnatting, matservering, aktivitetar etc.
- Vidareutvikle tilbod på bryggja.

R2) Stø opp om vidareutvikling av Morgedal.

- Sentrumsutvikling – som attraktivitet og stopp punkt
- Utviklas vidare som destinasjon for skikultur og skitradisjon

R3) Vidareutvikle Vrådal som ein heilårs turistdestinasjon

Tiltaket vil bestå av fleire ulike deltiltak.

- Bidra til å utvikle aktivitets- og opplevingstilbodet
- Stimulere utvikling av eit variert overnattingstilbod
- Legge til rette for vatn og kloakk i tilstrekkeleg mengde og kvalitet i takt med auka behov og stigande avgiftsinntekter.

R4) Iverksette god og informativ skilting/informasjon

- Utarbeide ein skiltplan for å synleggjera fornminne og andre attraksjonar i kommunen.
- Felles skilting er viktig for å nytte gjenkjennelsesprinsippet, i tillegg er det arkitektonisk/landskapsmessig viktig.
- Spesielt må avkøyringa til Kviteseid sentrum skiltast betre.

R5) Styrking og bevisstgjerjing av Kviteseid som vertskapskommune gjennom m.a.

- Gode heimesider
- Bevisst biletbuk i diverse marknadsføringsmateriell og anna er viktig.
- Oppussing langs vegar - halde det reint og triveleg alle plassar i kommunen.
- Kultur og tradisjon må synleggjerast gjennom kommunen sitt arbeid.
- Turistinformasjon
- Bevisstgjerjing rundt vertskapsrolla
- Vidareutvikle eksisterande- og utvikle nye arrangement

R6) Utarbeiding av marknadføringsmateriell

- Deltaking i ulike brosjyrar og kampanjar
- Attraktive heimesider.
- Vere synleg og aktiv i Tellus og Origo
- Eige profileringsplan og tiltak for å gjennomføre satsingsområda.

5.2 IKT

IKT 1) «Den digitale Kviteseidbyen»

- Profileringsiltak med budskapet «den digitale Kviteseidbyen».
- E-handel

IKT 2) Vidareføre satsinga på Vest-Telemark Næringshage AS

- Stimulere til etablering innan IKT gjennom eksisterande verksemder.
- Skape eit meir mangfaldig IKT miljø.
- Etablere læringsssenter innan IKT i Vest-Telemark Næringshage AS
- Arbeide for å etablere ein driftssentral

5.3 Utvikling av kommunesenteret

K 1) Offentleg/privat tenesteproduksjon

- Synleggjering av Kviteseidbyen som regionsenter i Vest-Telemark.
- Målretta arbeid for å bevare og etablere offentlege funksjonar.
- Synleggjere næringslivet i kommunen i m.a. Jobbavis for ungdomsskulen og entreprenørskapsprogrammet Vårt Lokalsamfunn.
- Arbeide for at etablerartenesta blir lokalisert i Vest-Telemark Næringshage AS.
- Lage en strategi for satsing på VTNU AS og VTN AS.

K 2) Nytt Kviteseidkryss

- Arbeide vidare med Statens Vegvesen for å at Kviteseidkrysset vert prioritert.
- Arbeide for at regional veggruppe prioriterar Kviteseidkrysset på RV41.
- Lage nytt kryss (statleg oppgåve).
- Skisseprosjekt – GS Kviteseidkrysset - Kvitsund

K 3) Fysisk til rettelegging i Kviteseidbyen

- Det vert utarbeidd bebyggelsesplan for tomte/utfyllingsområdet mellom lensmannskontoret og kyrkjehamaren.
- Det vert igangsett opparbeiding og sal av tomter i tråd med bebyggelsesplanen.
- Stimulere til utbygging i og ved Kviteseid sentrum og leggje til rette for investorar og entreprenørar til bustadutvikling som næring. Konf. Sundkilen brygge.
- Gjestebrygga i Kviteseid sentrum vert fullført i perioden
- Opprusting av uteområdet ved VTNH AS

K 4) Ivaretaking av Kviteseidbyens særpreg/bypreg

- Kviteseidbyens tette, bymessige særpreg skal bli tatt vare på, med aktiv bruk av Byggeskikkisretteleiar, forsterking av bypreget gjennom namnebruk og skilting (gate, torg, plass) m.m.
- Innføre byggeskikkispris, innføre stimuleringsiltak med tanke bevare/forsterke særpreget, profileringsiltak knytt til særpreg.

K 5) Utvikle overnattingstilbudet i Kviteseidbyen

- Stimulere til utleige i eksisterande verksemder.
- Utvikle overnattings- og serveringsverksemder i sentrum.

K 6) Handverksmessig produksjon / Husflid

- Skape fokus rundt den handverksmessige produksjonen i Kviteseidbyen.
- Profilere/synleggjera eit miljø som kan verke forlokkande på andre/nye utøvarar/produsentar.
- Aktivt rekrutteringsarbeid for å få til nyetableringar. Marknadsføre nasjonalt, bla. gjennom internett.

K 7) Bustad

- Legge til rette for bustadbygging i Kviteseidbyen, og dermed vidareutvikle «byen» som bu-område. Attraktive tomter og fortetting er aktuelle stikkord.

K 8) Kultur/sosial møteplass

- Halde på og vidareutvikle markenstradisjonane i byen. Spesiell vekt på Kviteseidmarken, og tiltak som ”befester” Kviteseid som Telemarkskyris heimbygd og Kviteseidsmøret sitt opphavsstad.
- Utvikle og halde på nye kvalitetsarrangement.
- Vinkle tiltak mot Telemarkskanalen.
- Vidareutvikle kontakten med dei andre kanalkommunane og Telemarkskanalen Regionalpark.
- Estetisk vidareutvikling av Kviteseidbyen – blomar/plantning/kunst/banner/flagg/skilt.
- Serveringsstad/møteplassar

5.4 Andre næringar

AN 1) Landbruket er ei viktig del av næringsutviklinga i Kviteseid kommune. Ein syner til eigen Landbruksplan.

AN 2) Auke verdiskapinga innan treindustri i Kviteseid

- Sette i gang eit mobiliseringsprosjekt der ein kartlegg marknaden for ulike trevareprodukt.
- Forbetre dagens lærlingeordningar for å utdanne fagfolk i tradisjonsfag ved å motivere verksemdene til å samarbeide om eit lærlingeopplegg.

AN 3) Starte opp forprosjekt med føremål å utnytte vasskvalitet-ressursar kommersielt

AN 4) Avklare konsekvens og interesse for nasjonale kulturlandskap

AN 5) Industritomter. Reguleringsplan for næringstomter langs 134

AN 6) Tilsette lærlingar

AN 7) I samarbeid med Vest-Telemark Næringsbygg AS utvikle Kviteseid Vekst vidare.

